



Norske Felleskjøp SA

Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2015/2016

pr. 19. november 2015

Tilgangsprognose

Prognosen bygger på kvantum korn som er avrekna for landet til og med oktober jamført med situasjonen på tilsvarende tidspunkt tidlegare år. Stort leveringspress i haust gjer at vi legg til grunn full utnytting av lagerkapasiteten hos bøndene – at om lag same totalkvantum som i fjor blir avrekna etter 1. november.

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgangen av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:


Tilgang norsk korn (tonn)

	Gjennomsnitt		Prognose 2015	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
	2010-14	Tilgang 2014			
Matkveite	157 700	217 500	144 000	91 %	66 %
Fôr kveite	123 800	150 900	334 000	270 %	221 %
Kveite i alt	281 500	368 400	478 000	170 %	130 %
Matrug	13 300	31 300	34 000	256 %	109 %
Fôrrug/rughvete	7 700	6 800	25 000	325 %	368 %
Rug i alt	18 800	38 000	59 000	314 %	155 %
Bygg	499 000	498 900	466 000	93 %	93 %
Havre	241 800	269 700	263 000	109 %	98 %
Korn totalt	1 043 400	1 175 000	1 266 000	121 %	108 %
Erter	2 700	2 100	4 000	148 %	190 %
Oljefrø, åkerbønner	9 100	9 600	11 000	121 %	115 %
Korn inkl proteinvekstar	1 055 300	1 186 700	1 281 000	121 %	108 %
Matandel kveite	56 %	59 %	30 %		
Matandel rug	71 %	82 %	59 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Prognosen tilseier ein auke i forventa tilgang på 95 000 tonn korn, erter og oljefrø i forhold til i fjor og 206 000 tonn meir enn i augustprognosen og 82 000 tonn meir enn i prognosen av 30. september.

Dette tilseier at avling korn pr. dekar er den beste sidan 1990, bortsett frå for rug og bygg:



Fordeling av matkveiten

Under er vist registrert og forventa fordeling av matkveiten mellom ulike proteinklasser:


Klassefordeling av tilgang (kvantum i tonn):

	2014-15		Prognose 2015-16		
	Fordeling tilgang	Protein-%	Prognosert fordeling	Kvantum (tonn)	Protein-%
Klasse 1	0,1 %	13,2 %	2,8 %	4 000	12,4 %
Klasse 2	16,4 %	13,5 %	14,2 %	20 200	12,4 %
Klasse 3	57,9 %	13,3 %	45,1 %	64 100	12,2 %
Klasse 4	21,6 %	10,7 %	35,7 %	50 700	11,8 %
Klasse 5	4,0 %	10,6 %	2,3 %	3 200	11,7 %
I alt	100,0 %	11,9 %	100 %	142 200	12,1 %

Pr. 12. november er matkveite i ulike proteinklassar avrekna med følgjande proteininnhald:

Lagerkvalitet	Matkveite, kg	Protein, kg	Protein% matkveite	
Klasse 1	1 856 638	230 824	12,4 %	
Klasse 2	11 135 063	1 381 475	12,4 %	
Klasse 3	28 316 811	3 446 720	12,2 %	
Klasse 4	27 368 467	3 222 905	11,8 %	
Klasse 5	1 772 770	207 899	11,7 %	12,05 %
Klasse 6	7 377	-	0,0 %	
Klasse 7	9 558	1 157		
Klasse 8	5 018	632		
Klasse 9	75 771	9 435	12,5 %	
Totalsum	70 547 473	8 501 047	12,1 %	

Vårkveiten, klasse 1 – 3, har høgare proteininnhald enn haustkveiten. Gjennomsnittleg utvikling dei siste åra i proteinnivået i norsk matkveite er illustrert i figuren under:



Tiltaka for heva proteininnhald har gitt resultat i år, særleg for vårkveiten. Klasse 3 er igjen på nivå med dei andre vårkveitesortane når det gjeld proteininnhald.

Bioforsk, Nofima og NMBU har undersøkt kvaliteten på matkveiten denne sesongen og gir oppsummert følgjande omtale:

- *Svakere glutenkvalitet enn 2014 (og 2013), og omtrent på gjennomsnittlig nivå for perioden 2007-2012 for både vår- og høsthvete.*

- *Et felt i høsthvete har svært lave Rmax verdier, dvs. ekstremt svak gluten. Dette er tilfellet for alle sorter og rep i dette feltet. Et felt viser sterk gluten. Dette gir til sammen stor variasjon mellom felter. Vi ser mindre tydelige variasjoner mellom sorter.*
- *Vårhvete viser stor variasjon både i Rmax og i proteininnhold mellom stedene.*

Møllene melder i tråd med dette at bakekvaliteten er brukbar for den norske matkveiten etter hausten 2015, men med lågt proteininnhold. Det er særleg korn i klasse 4 som det er krevjande å bruke i matmjølet denne sesongen

Norske Felleskjøp har lagt til grunn at 40 % av forbruket av matkveite kan vere av norsk tilgang.

Fordeling av tilgangen

Tabellen under gir oversikt over bruken av norsk korn til ulike formål (korrigert for 1 % svinn):

Fordeling norsk korn (tonn)

Kornslag	Tilgang ny avling	Forbruk matkorn	Overlagring av matkorn	Omdisp. av matkorn	Korn i alt til fôr
Kveite	478 000	109 300	7 900	25 000	360 800
Rug	59 000	22 200	6 900	4 700	29 900
Bygg	466 000	3 300			462 700
Havre	263 000	34 200			228 800
Totalt	1 266 000	169 000	14 800	29 700	1 082 200

Det er føresett at eit mindre kvantum kveite, sett til 2 000 tonn, innkjøpt til matkornpris, blir brukt lokalt i produksjon av kraftfôr. Det er vidare lagt til grunn at halvparten av tilgang av klasse 4 blir omdisponert og at ut over dette blir resterande overskott overlagra til neste år. Dette vil bli teke stilling til etter møtet i Bransjeforum i mai 2016. Omdisponering av matkveite blir iverksatt så raskt som råd. Overskott av matrug ut over det som alt er omdisponert, er det føresetnaden å overlagre etter nærare vurdering i mai.

Forbruksprognose

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Norske Felleskjøp skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og tilrådingar til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer. Prognosar gir grunnlaget for etablering av balanse.

Matkorn

Prognosen for forbruk av matkorn er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med oktober 2015 og trend pr. måned for siste fem år for resten av kornsesongen.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose:

Matkornforbruk pr kornsesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2010/2011	292 466	25 893	3 093	23 320	344 772
2011/2012	279 930	25 590	2 872	23 191	331 583
2012/2013	281 646	26 056	2 604	26 998	337 304
2013/2014	279 896	23 421	2 643	28 807	334 767
2014/2015	274 799	22 097	3 184	30 178	330 258
Prognose 15/16	273 300	22 200	3 300	34 200	333 000

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 3. kvartal i 2015 og produksjons- og salsprognosar frå prognoseutvala for mjølk, kjøtt og fjørfe.

Forventa produksjon i perioden oktober 2015 – september 2016 er prognosert under:

Kraftfôrsalg per kornsesong (tonn)					
	Drøvtyggar	Svin	Fjørfe	Anna	Sum
4K10 - 3K11	905 522	490 110	384 220	33 223	1 813 075
4K11 - 3K12	975 091	490 463	409 564	30 080	1 905 198
4K12 - 3K13	992 119	482 004	446 184	28 380	1 948 687
4K13 - 3K14	997 058	481 603	460 639	25 192	1 964 492
4K14 - 3K15	1 011 301	495 779	426 925	22 771	1 956 776
4K15 - 3K16*	1 028 000	500 000	429 000	20 000	1 977 000
Endring	1,7 %	0,9 %	0,5 %	-12,2 %	1,0 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Import av kornråvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om den samla importkvoten er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskproduert matkorn, vil det vere trong for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	273 300	22 200	3 300	34 200	333 000
Norsk korn	109 300	22 200	3 300	34 200	169 000
Importbehov	164 000	0	0	0	164 000

Forslag om importkvote for matkorn

Ved tildeling av kvote for supplerende import av matkorn til redusert toll, kan Landbruksdirektoratet i november tildele kvoter slik at inntil 80 % forventet importbehov for sesongen er fordelt ved auksjonane i august og november.

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll vert det teke omsyn til import frå MUL-land og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at durumimporten skjer innafor bilateralt avtalte kvotar.

Dette tilseier følgjande kvote:

Prognosert suppleringsimport matkorn, november 2015 (tonn)	
Prognosert importbehov, sesong	164 000
- Import under kvoter for durumkveite 2015	(2 000)
Suppleringsimport inklusive MUL-import	162 000
- Tildelt importkvote i august	(46 000)
Importbehov inklusive MUL-import	80 % 84 000
- Lisensiert nulltollimport frå MUL-land	-
Forslag til importkvote med administrert toll	84 000

Importbehov for fôrkorn (karbohydratråvarer)

Andel karbohydrat i kraftfôr har falle over lang tid først og fremst til fordel for proteinråvarer. Framskriving av trenden i kvartalsvis råvareforbruk dei to siste åra tilseier ein karbohydratandel på 71,5 % i sesongen. Norsk og europeisk korn har lågt proteininnhald i 2015. Det er difor lagt til grunn at industrien supplerer med ekstra bruk av proteinhaldige råvarer. Dette fortrengr karbohydratråvarer i kraftfôret. Karbohydratandelen for prognoseperioden er difor sett til 70,0 %. Det gir følgjande behov for suppleringsimport for karbohydratråvarer til kraftfôr:

Importbehov karbo (tonn)	
Forbruk	
Kraftfôrsal	1 977 000 tonn
Andel karbohydratråvare	70,0 %
Kjøp av karbohydratråvarer	1 384 000
- Forbruk av norsk kli	50 000
Karboråvarer eksklusiv kli	1 334 000
Tilgang	1 082 000 tonn
Norsk korn til kraftfôr etter svinn *)	-1 071 000
Importbehov karbohydratråvare	263 000

*) Svinn 1,0 %

Avtalte importkvotar

Ein del av råvarene til kraftfôr vert importert tollfritt fr MUL-land. Denne importen blir korrigert for i kvoter som blir tildelt på auksjon. I førre kvoteåret blei det i mai trekt for gitte lisensar for perioden 24.04.2015 – 01.08.2015; av desse vart 2 tonn ikkje utnytta. Dette mindreforbruket blir lagt til importkvantumet i inneverande sesong, men er så lite at det ikkje påverkar kvoten. For perioden 01.08.2015 – 7.11.2015 er det importert i overkant av 7 000 tonn karbohydratråvarer frå MUL-land

og det er gitt lisensar for import av 7 500 tonn for perioden 7.11.2015 - 24.04.2016. Dette reduserer importkvotene tilsvarende.

EU er gitt tilgang til tollfri eksport av 10 000 tonn mais og 10 000 maisgrits til Norge. GSP-land er gitt ei kvote på 40 000 tonn tollfri rørsuktermelasse til dyrefôr. Norske Felleskjøp legg til grunn at disse kvotane vil bli utnytta fullt ut.

Forslag om importkvote for fôrkorn

I prognosen av 30. september vart det peika på at importkvoten pr. november kunne bli svært låg. Denne prognosen tilseier at dette var eit riktig signal til bransjen: Korrigert for bilaterale importkvotar overfor mellom anna EU og forventa korreksjonar etter sesongen 2014/2015, vil suppleringsbehovet i kvoteauksjon utgjere om lag 230 000 tonn. I tillegg blir kvotane på auksjon redusert for MUL-import, som dei siste åra har vore i overkant av 10 000 tonn. I august vart det tildelt 45 % av forventa suppleringsimport, til saman 205 000 tonn. Det er med andre ord svært lite kvoter igjen også til auksjonen i mai.

Norske Felleskjøp foreslår etter dette ingen tildeling av nye importkvoter for karbohydratråvarer i auksjonen i november:

Prognosert suppleringsimport karbohydrat, november 2015 (tonn)	
Prognosert importbehov, sesong	263 000
- Kvoter for mais og maisgrits	(20 000)
- Kvote for rørmelasse	(40 000)
Ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår	2
Suppleringsimport inklusive MUL-import	203 002
Importbehov des-mai inklusive MUL-import	80 % 162 000
- Tildelt importkvote i august	(205 000)
- MUL; import og lisensar august-april	(15 000)
Forslag til importkvote med administrert toll	-

Forslag om importkvote for oljefrø

Suppleringsimport av oljefrø vert fordelt på auksjonane i august og november. Eventuell forventa import frå MUL-land går utanom desse kvotane. Basert på historisk forbruk og prognosert tilgang, har bransjen følgjande behov for suppleringsimport i sesongen:

Importbehov oljefrø 2015/2016	
Forbruk til kraftfôr	16 000
- Tilgang norsk oljefrø	7 000
+ Forbruk til matolje	1 400
Importbehov	10 400

Dette gir følgjande importkvote for oljefrø ved siste tildeling:

Prognosert suppleringsimport oljefrø, november 2015 (tonn)	
Importbehov oljefrø	10 000
- Tildelt importkvote i august	7 000
Korrigert importbehov	3 000
- Forventa nulltollimport utviklingsland 2015/16	-
Forslag til importkvote med administrert toll	3 000

VEDLEGG:

Tilgang korn (tonn)

	Hvete			Rug		
	Mat	Fôr	Total	Mat	Fôr	Total
1998/1999	122 018	188 460	310 478	3 024	11 441	14 465
1999/2000	196 350	16 842	213 192	5 020	366	5 386
2000/2001	250 551	46 310	296 861	6 832	3 350	10 182
2001/2002	115 461	129 014	244 476	2 503	3 079	5 582
2002/2003	201 111	42 967	244 078	6 048	2 105	8 154
2003/2004	310 007	24 347	334 354	15 725	2 453	18 178
2004/2005	336 060	55 818	391 878	33 192	5 811	39 003
2005/2006	355 252	22 663	377 915	25 872	7 563	33 434
2006/2007	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/2008	303 085	78 421	381 506	25 080	13 225	38 305
2008/2009	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/2010	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/2011	184 791	127 458	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/2012	40 504	229 783	270 287	4 747	11 362	16 109
2012/2013	174 164	84 459	258 623	2 853	1 841	4 694
2013/2014	171 406	26 335	197 741	11 700	949	12 649
2014/2015	217 471	150 946	368 418	31 259	6 764	38 023
13. august	248 000	153 000	402 000	38 000	22 000	60 000
30. september	152 000	282 000	434 000	42 000	23 000	65 000
Prognose	144 000	334 000	478 000	34 000	25 000	59 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø
1998/1999	580 016	365 783	1 270 742	0	9 784
1999/2000	585 008	330 530	1 134 116	0	10 304
2000/2001	537 095	374 940	1 219 078	0	9 008
2001/2002	583 915	312 821	1 146 794	290	19 113
2002/2003	555 501	261 445	1 069 176	529	17 822
2003/2004	552 344	316 605	1 221 480	1 054	11 312
2004/2005	599 521	353 222	1 383 624	2 476	12 237
2005/2006	557 297	264 385	1 233 032	3 400	11 220
2006/2007	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519
2007/2008	456 091	260 427	1 136 328	8 691	8 966
2008/2009	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722
2009/2010	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819
2010/2011	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165
2011/2012	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577
2012/2013	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315
2013/2014	479 429	212 361	902 179	963	6 015
2014/2015	498 860	269 693	1 174 994	2 087	9 648
13. august	352 000	253 000	1 067 000	2 000	7 000
30. september	446 000	245 000	1 190 000	2 000	8 000
Prognose	466 000	263 000	1 266 000	4 000	11 000

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet